



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Aure kommune

Tilsynsdato: 24.10.2019

Rapportdato: 16.01.2020

Innhald

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING	5
2	HOVDINNTRYKK	6
3	RESULTAT FRÅ TILSYNET	7
3.1	AVVIK	7
3.2	MERKNADER	8
4	VIDARE OPPFØLGING	9

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor samanfattar nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	10.09.2019 (formøte) 24.10.2019 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Postboks 33, 6689 Aure
Kommunennummer:	1576
Kontaktperson i kommunen:	Ivar Andreassen
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Stine Sætre
Førebels tilsynsrapport sendt:	14.11.2019
Endeleg tilsynsrapport sendt:	16.01.2020
Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:	28.02.2020

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Aure kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2016 og seinare.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til Fylkesmannen før, under og etter tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Heilhetlig ROS-analyse for Aure kommune 2016	19.02.2016
2.	Overordna kriseplan for Aure kommune	21.03.2017
3.	Plan for kriseledelse	21.03.2017
4.	Varslingslister, vedlegg 3 til plan for kriseledelse	03.10.2019
5.	Retningslinjer for krisekommunikasjon og befolkningsvarsling	21.03.2017
6.	Plan for psykososialt kriseteam, vedlegg 2 til plan for kriseledelse	00.02.2017
7.	Kommunal planstrategi Aure kommune 2016 – 2019	21.06.2016
8.	Kommuneplan samfunnsdelen 2008 – 2019	30.10.2008
9.	Kommuneplanens Arealdel 2016 – 2026, del 1	Ikkje datert
10.	Kommuneplanens Arealdel 2014 – 2026, Konsekvensutredning	Ikkje datert
11.	Kommuneplanens Arealdel 2016 – 2026, del 2	20.12.2017
12.	Delegeringsskriv, enhetsleder for helse og familie	01.02.2016
13.	Samarbeidsavtale mellom Aure kommune og M&R Røde kors	05.11.2017
14.	Gjennomgang/evaluering etter brann på Skarsøya	06.06.2014
15.	Evaluering øvelse Dromnes 2017	09.11.2017
16.	Pandemisk influensa – Beredskapsplan	27.02.2006
17.	Smittevernplan – utkast under arbeid	Ikkje datert
18.	Tiltakskort 10 – Evakuering og innkvartering	<i>(mottatt i tilsynsmøte)</i>
19.	Overordna kriseplan for Aure kommune	<i>(mottatt etter tilsynsmøte)</i>
20.	Plan for kriseledelse	<i>(mottatt etter tilsynsmøte)</i>
21.	Retningslinjer for krisekom. og bef.varsling	<i>(mottatt etter tilsynsmøte)</i>
22.	Plan for psykososialt kriseteam, vedlegg 2	<i>(mottatt etter tilsynsmøte)</i>

1.5 Gjennomføring

Formøte med Aure kommune vart gjennomført 10.09.2019. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 24.10.2019. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Ingunn Bolmen	Ordførar (avtroppende)	X			
Hanne Berit Brekken	Ordførar (påtroppande)		X	X	X
Håvard Sagli	Rådmann		X	X	X
Ivar Andreassen	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

2 Hovudintrykk

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og dokumenta syner at kommunen er medviten sitt beredskapsansvar.

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2016 og den er forankra i kommunestyret. Analysen er gjennomført som eit internt administrativt produkt. Kommunen har på bakgrunn av ROS-analysen laga ein oversikt over moglege tiltak for å redusere risiko.

Kommunen må utarbeide ein plan for oppfølging av tiltaka identifisert i ROS-analysen, og kan nytte ein slik plan til å prioritere mellom tiltaka. Vidare må kommunen på bakgrunn av ROS-analysen utarbeide langsiktige mål og strategiar for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Dette skal forankrast i kommunen sitt overordna plansystem, som t.d. i kommuneplanens samfunnsdel. Dette fordi det er i kommuneplanen sin samfunnsdel kommunen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar, og samfunnsdelen skal gi retningslinjer til korleis prioriterte tema skal følgast opp i dei ulike sektorane. Dei prioriterte tiltaka utarbeid i plan for oppfølging av ROS-analysen bør derfor inngå i handlingsdelen til kommuneplanen som reviderast årleg.

Ved rullering av ROS-analysen må kommunen òg sjå til at relevante offentlege og private aktørar vert invitert til arbeidet med ROS-analysen, til dømes med å bruke beredskapsrådet. Det bør også vurderast om akseptkriteria i analysen er tenlege for kommunen, og vi anbefalar at desse vert politisk forankra.

Beredskapsplanverket er oppdatert i oktober 2019. Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon, og i dokumentasjonen går det fram at det er rutinar for årleg revisjon og oppdatering av planverk, samt gjennomgang av planverket med kriseleiinga. Det er òg eit mål om å øve på handtering av uønskte hendingar minimum ein gong kvart år. Vi finn rutinar for at kommunen skal evaluere både hendingar og øvingar, men det manglar ein del på skriftlege evalueringar. Kommunen bør ta i bruk CIM slik som det er beskrive i planverket.

Vi ser at Pandemiplan frå 2006 ligg føre. Smittevernplan er under arbeid/revisjon, og kommunen har ikkje plan for helsemessig og sosial beredskap. Desse beredskapsplanane er alle lovpålagde, og vil være viktige verktøy i fleire av dei identifiserte hendingane i kommunens heilskaplege ROS-analyse. Vi gjer merksam på at desse kan verte gjenstand for kontroll ved neste tilsyn.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte eitt avvik. Eitt forhold er kommentert som merknad.

3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik nr. 1

Aure kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

Regelverkstilvising:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3.

Utdjupande kommentar:

Aure kommune manglar overordna forankring av mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik- og beredskap, med bakgrunn i funna frå den heilskaplege ROS-analysen. I ROS analysen er det utarbeida ei oversikt over moglege tiltak. Det manglar ein plan for oppfølging av tiltaka – og kva mål og strategiar kommunen har satt seg og kva tiltak som skal gjennomførast for å styrke arbeid med samfunnstryggleik- og beredskap i fireårsperioden.

3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som Fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1.

Kommunen bør:

- Kommunen bør passe på at ROS-analysen vert revidert snarast råd etter konstituering etter kommunevalet i 2019.
- Vurdere om risiko/akseptkriteria for konsekvenskategorien liv og helse i ROS-analysen bør justerast.
- Vidareutvikle føreslegne risikoreduserande tiltak som ein prioritert handlingsplan for oppfølging, når ROS-analysen er revidert.
- Beskrive/dokumentere korleis relevante offentlege og private aktørar har tatt del i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse.
- Revidere beredskapsplanverket/beredskapsoversynet for betre å støtte krava i forskrifta der det er minimumsløysingar, som t.d. «system» for opplæring.
- Evaluere skriftleg etter øvingar og hendingar som beskrive i planverket.
- Ta i bruk CIM slik som beskrive i planverket, då kommunen har litt å gå på.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419